



Førarkort klasse B

Opplæring, øvingskjøring og mengdetrening – ei rettleiing






Dette heftet er meint å vere ei enkel rettleiing til deg som ynskjer å bli ein dyktig bilfører og ta førarkort i klasse B.

Heftet gjev deg ei oversikt over korleis trafikkopplæringa er bygd opp. Det gjev også råd om korleis du kan gå fram for å få best mogleg utbytte av privat øvingskjøring og mengdetrening.

Innhold

2. Målet med heftet
3. Tid og samarbeid
4. Trinnvis opplæring
6. Reglar om øvingskjøring
8. Øvingskjøring i praksis
9. Førarprøva
11. Kvar kan du hente hjelp?
12. Dagbok over øvingskjøring



Bruk god tid.....

Når du skal bli bilfører, bør du bruke god tid. Begynn på opplæringa minst to år før du har tenkt å gå opp til førarprøve. Dette gjeld enten du er 18 år eller 30.

Å bli ein god bilfører

Skal du kjøre bil på ein ansvarleg måte, må du ha ein omfattande kompetanse. Fyrst og fremst må du ha kontroll over bilen reint kjøreteknisk. Du må også kunne samhandle med andre trafikantar. Det gjeld å kunne tolke ulike trafikksituasjonar og vurdere kva for åtferd som er passande. Det krevst også at du kan leve deg inn i situasjonen til andre, du må forstå behova dei har og sjå for deg korleis dei vil handle. På same tid må du ha god nok sjølvkontroll til å handle i tråd med dine egne vurderingar av kva du meiner er tenleg og sikkert.

Læringa held fram etter at du har greidd førarprøva. Tidlegare har unge bilførarar hatt svært høg ulykkesrisiko spesielt dei fyrste månadene etter at dei får førarkort.

Mengdetrening hjelper

Statistikken viser at høg ulykkesrisiko i stor grad heng saman med lite kjørerfaring. Mykje tyder på at ei strukturert opplæringsperiode med mykje realistisk kjøretrening før du tek til å kjøre på eiga hand, kan gje grunnlag for å kunne kjøre med lågare risiko.

Når du øver mykje på det du fyrst har gjennomført opplæring i, kallar vi det mengdetrening.

Samarbeid med trafikklæraren

Vi meiner resultatet blir best når du, trafikklæraren og den som er med deg og øvingskjører, har eit nært samarbeid under heile opplæringsperioden.

Trafikklæraren vil både kunne gje deg opplæring i rette kjøremåtar og råd om korleis du og den som er med deg best bør leggje opp øvingskjøringa. Ta gjerne med deg vedkommande på kjøretimane. Då vil trafikklæraren lettare kunne hjelpe dykk med å leggje opp ei effektiv opplæring!



Opplæringa har fire trinn. Å ha nådd målet på eitt trinn er eit vilkår for å ha godt utbytte av opplæringa på det neste trinnet.

Trinn 4 er avsluttende opplæring

Trinn 3 er trafikal del

Trinn 2 er grunnleggjande kjøretøy- og kjørekompetanse

Trinn 1 er trafikalt grunnkurs

Obligatoriske rettleiingstimar

Mellom trinn 2 og 3, og mellom trinn 3 og 4, må du ha ein obligatorisk rettleiingstime på trafikkskulen. Desse to timane skal hjelpe deg til å få ein effektiv gang i opplæringa.

Obligatoriske kurs

Ein del av opplæringa er obligatorisk og må gjennomførast på trafikkskulen. Dette gjeld tema som det er vanskeleg å lære seg på eiga hand, eller som det er svært viktig at alle får god opplæring i. I tillegg til trinn 1 - trafikalt grunnkurs (17 timer, inklusive 4 timer fyrstehjelp og 3 timer mørkekjøring) gjeld dette sikkerheitskurs på bane (4 timer), og sikkerheitskurs på veg (13 timer).

Forskrift og læreplan

Måla for opplæringa, og kva dei ulike kursa skal innehalde, er fastsett i forskrift om trafikkopplæring og førarprøve m.m. Forskrifta har også reglar om at trafikkskulen må melde inn obligatoriske kurs og rettleiingstimar som du tek, til Statens vegvesen. Det som er obligatorisk på eit lågare trinn, må vere innmeldt før det som er obligatorisk på høgare trinn kan meldast inn.

Opplæringa som trafikkskulane tilbyr, skal gjennomførast etter ein læreplan som er fastsatt av Vegdirektoratet.

Både forskrifta og læreplanen finn du på www.vegvesen.no

Opplæring i trinn 1

Opplæringa på trinn 1 er *trafikalt grunnkurs*. Gjennom dette kurset skal du utvikle grunnleggjande forståing for kva bilkjøring inneber, slik at du har det grunnlaget du treng for å starte praktisk opplæring og øvingskjøring. Trinn 1 inneheld blant anna opplæring i fyrstehjelp og tiltak ved ulykke (4 timar) og mørkekjøring (3 timar).

Opplæring og øvingskjøring på trinn 2

På trinn 2 skal du lære å meistre bilen reint kjøreteknisk utan å vere oppteken av andre trafikantar. Både opplæring og mengdetrening på dette trinnet skal gå for seg i område utan, eller med berre liten, trafikk. Målet er at du skal automatisere bilbehandlinga så godt at du kan begynne å konsentrere deg om trafikkbiletet.

For at privat øvingskjøring skal vere så sikker som mogleg, er det viktig at du har gode nok grunnleggjande tekniske ferdigheiter før du og den som er med deg begynner å øve i område med trafikk. God kjøreteknisk ferdigheit er også nødvendig for å ha godt utbytte av opplæringa på trinn 3. I *rettleiingstimen på slutten av trinn 2*, tek du og trafikklæraren i fellesskap stilling til om du i tilstrekkeleg grad har nådd måla for opplæringa på dette trinnet. Har du det, kan opplæringa på trinn 3 begynne.

Opplæring og øvingskjøring på trinn 3

På trinn 3 skal både opplæringa og mengdetreninga gå for seg i trafikken. Gradvis skal du øve deg opp til sjølvstendig å kunne samarbeide med andre trafikantar. Du skal kunne kjøre effektivt og behagelig, miljøriktig og økonomisk. Før du gjer deg ferdig på dette trinnet, skal du vere nær nivået for førarprøva.

Mengdetrening i variert trafikk er derfor svært viktig på dette trinnet. Mot slutten av trinnet skal du gjennomføre *sikkerheitskurs på bane*. I *rettleiingstimen på slutten av trinn 3* tek du og trafikklæraren i fellesskap stilling til om du i tilstrekkeleg grad har nådd måla for opplæringa på dette trinnet. Har du det, kan den avsluttande opplæringa på trinn 4 begynne.

Opplæring og øvingskjøring på trinn 4

Opplæringa på trinn 4 er retta mot risikoforståing og sjølvinnsikt. Det er fornuftig at du tek *sikkerheitskurs på veg* så tidleg at du får god tid til mykje realistisk mengdetrening fram til du skal gå opp til førarprøve. Det er grunn til å tro at det særleg er mengdetrening på dette trinnet som kan medverke til at du kan få lågare risiko for å bli innblanda i ei ulykke når du begynner å kjøre på eiga hand.



Gjennomført trinn 1 – trafikalt grunnkurs

Berre den som har gjennomført trinn 1 - trafikalt grunnkurs, har lov til å øvingskjøre. Aldersgrensa for å ta kurset er 15 år. Du kan ta kurset i den offentlege skulen. Meir informasjon om dette finn du på www.vegvesen.no.

Du kan øvingskjøre utan å ta trafikalt grunnkurs dersom du

- har førarkort i ein annan klasse eller mopedførarbevis
- er over 25 år

NB! Alle må ta mørkekjøring og fyrstehjelp før oppkjøringa!

Du og den som er med deg

For å øvingskjøre med bil, må du være 16 år. Den som er med deg må vere fylt 25 år og ha hatt førarkort for bil *samanhengande dei siste 5 åra*. Det er den som er med deg som er ansvarleg for kjøringa, men du som øvingskjører har også ansvar. Du har ikkje lov å øvingskjøre dersom politiet har gjeve deg sperrefrist for førarkort.

Bilen

Når du øvingskjører privat, må bilen vere merka bak med ein godt synleg raud L på kvit bakgrunn. Bilen må ha ein ekstra spegel som gjev den som er med deg tilstrekkeleg utsikt bakover.

Kvar kan du øvingskjøre?

Det er lov å øvingskjøre alle stader i landet. De må alltid velje eit øvingsområde som passar til ferdigheitsnivået ditt! Unngå øving i tett trafikk og høg fart før du er god nok til å følgje trafikkrytmen. Du kan ikkje øvingskjøre i utlandet!



Kursbevis og legitimasjon

Når du øvingskjører, må du ha med deg bevis for fullført trinn 1 - trafikalt grunnkurs.

Har du teke kurset i perioden **16. mars – 31. oktober utan å ta mørkekjøring, må du sjå på beviset ditt for å vite når på året, eller kor lang tid framover, det er gyldig. Når du har gjennomført mørkekjøring**, får du tilsendt nytt bevis frå Statens vegvesen.

Ha alltid med gyldig bevis og legitimasjon med bilete, eventuelt førarkort, når du øvingskjører.



Mange vil nok synast at privat øvingskjøring kan vere både morosamt og lærerikt. Andre opplever at det blir amper stemning. Gode samtalar er avgjerande for utbyttet.

Nokre enkle råd:

Før kjøringa: Ta ein prat om kva slags stemning de ynskjer å ha i bilen, kva de skal øve på og kor lenge de skal øve.

Under kjøringa: Samtal om det du øver på. Minn om at ros er betre enn ris! Dersom noko ikkje går så bra som du skulle ynskje, må de prøve å finne grunnen til dette.

Etter kjøringa: Det er lurt å oppsummere både det du har øvd på, og korleis de har hatt det. Då kan de saman slå fast kva som fungerer godt og finne årsakene til eventuelle problem. Slik blir det lettare å få framgang.

Bruk gjerne trafikklæraren som rådgjevar!

Førerprøva er samansett av ein teoretisk og ein praktisk del. Prøva tek du hjå Statens vegvesen. For å kunne ta prøva må du ha søkt om førarkort. Vi ser gjerne at du søker om førarrett elektronisk, gå inn på www.vegvesen.no. Har du ikkje tilgang til Internett, kan du ta kontakt med ein trafikkskule eller ein trafikkstasjon.

Du kan også tinge førarprøve via Internett, gjennom ein trafikkskule eller ved at du tek direkte kontakt med ein trafikkstasjon.

Før du kan ta prøva må

- søknaden om førarkort vere godkjent av trafikkstasjonen
- dei obligatoriske delane av opplæringa (inkl. rettleiingstimane) vere gjennomført og innmeldt (av trafikkskulen)

Teoretisk prøve

Teoriprøva blir avlagt på data. Dei som har lese- og skrivevanskar, kan avleggje munnleg teoriprøve - ta kontakt med trafikkstasjonen.

Praktisk prøve

Til den praktiske prøva høyrer sikkerheitskontroll og ein kjørtur. I tillegg er måten du gjer deg sjølv og bilen klar på før kjøringa, og måten du set frå deg bilen på, ein del av prøva. I alt tek dette ca. 75 minutt.

Gjennom sikkerheitskontrollen skal du kunne avgjere om ein bil er i forsvarleg og forskriftsmessig stand. Oppgåva du får, inneber at du må kontrollere eit konkret forhold og f.eks. forklare konsekvensane av eventuelle feil.

Kjøringa varer 55-60 minuttar under varierte veg- og trafikkforhold slik at du får vist dei praktiske ferdigheitene dine som bilfører i mange trafikksituasjonar. Du får prøve deg både på landevegen og i tettbygd strom.

Bilen

Bil som skal brukast ved prøva, må vere godkjend til formålet.

Gjennomføring

Når du kjører opp er du for fyrste gong formelt førar sjølv, og må opptre sjølvstendig. Du får beskjedar om kvar du skal kjøre, og eventuelle andre oppgåver, i god tid:

- «Kjør mot Sogndal»
- «I enden av gata skal du kjøre til venstre»
- «Finn ein eigna plass og snu»

Vurderinga sensor gjer

Under kjøreturen registrerer sensor korleis du kjører. Oppgåva til sensor er å vurdere om du har nådd opplæringsmåla godt nok til å trene vidare på eiga hand.

Det blir lagt vekt på at du har god bilbehandling og kan kjøre behageleg og økonomisk.

Kjøremåten skal vere tydeleg og sikker, og gje god trafikkavvikling

Du må vere framsynt, ta omsyn til behova til andre og leggje opp til god samhandling med andre trafikantar. Bilkjøring er eit lagspel!

Resultat og tilbakemelding

Normalt er det inntrykket av det du viser sett under eitt som avgjer resultatet av prøva. Det blir lagt meir vekt på kva du gjennomgåande er god eller ikkje god til, enn enkeltfeil. Gjer du grove enkeltfeil som fører til at sensor eller andre trafikantar må gripe inn for å unngå ein farleg situasjon, blir prøva likevel underkjend.

Sensor grunngjev alltid resultatet. Skulle du ikkje greie prøva, vil du få vite kva du gjennomgåande ikkje er god nok til, samanlikna med krava.

Førerkortet

Når du har greidd førarprøva får du eit mellombels førarbevis. Innan to veker får du tilsendt førarkortet i posten. Du har to år prøvetid. Får du inndrege førarkortet i prøvetida, må du greie ny prøve og får ny prøvetid på to år.

Har du ikkje gjennomført **mørkekjøringsopplæringa** før du tek førarkort, må du gjere det **innan 31. januar** året etter at førarkortet er utskrive.

Trafikkstasjonane

Ved å ta kontakt med ein av trafikkstasjonane til Statens vegvesen kan du få vite meir om

- opplæring, øvingskjøring og mengdetrening
- eigna øvingsområde
- brosjyrer, læreplaner og forskrifter

Trafikkskulane

Trafikkskulane har trafikkopplæring som fagkompetanse og er ein naturleg stad å søkje hjelp. Dei obligatoriske delane av opplæringa må du ta på ein godkjent trafikk-skule. Du finn ei oversikt over godkjente trafikkskular på www.vegvesen.no.

Litteratur

Lærebøker som gjeld opplæringa for førarkortklasse B, kan du kjøpe i ein bokhandel eller hjå trafikkskulene.

Nettsidene til Statens vegvesen

Du finn søknadsskjema for førarkort, læreplaner og annan nyttig informasjon på www.vegvesen.no.

Facebook

På Statens vegvesens facebookside «Øvelseskjøring» kan du få tips, stille spørsmål og dele erfaringar om opplæring, øvingskjøring og mengdetrening.





Statens vegvesen



Kommentar frå ei tilfreds mor som var med dottera og øvingskjørte:

«Etter trafikalt grunnkurs kontakta vi ein trafikkskule og tok dei fyrste kjøretimane. Vi øvde nokre timar på trafikkskulen, øvde privat, tok nye timar osv. Det var godt å sleppe å diskutere alt, trafikklæraren gav gode retningslinjer. Etter eit år var vi ferdige med all opplæring, og let henne kjøre mest mogleg det neste. Det har ført til to års øvingskjøring før førarprøva og fordeling av utgiftene, og eg kjenner meg trygg når ho er ute og kjører.»